



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
04.09.2018
Dykkar dato
16.08.2018

Vår referanse
2018/10363 421.3
Dykkar referanse
18/2015

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale til dispensasjon til arealoverføring av parsell - Meland – Gnr. 35 Bnr. 1 – Gripen.

Vi viser til brev frå kommunen datert 16.08.2018. Saka gjeld søknad om arealoverføring av parsell på ca. 350 m² frå gnr. 35 bnr. 1 til gnr. 35 bnr. 5 for etablering av garasje/parkeringsareal for eksisterande bustad på gnr. 35 bnr. 5.

Fylkesmannen si vurdering

Eigedom gnr. 35 bnr. 5 har status som LNF-spreidd jf. tabell 9.1 i føresegne til arealdelen av kommuneplanen. Området som er omsøkt er del av eigedom gnr. 35 bnr. 1 og er ordinært LNF-område. I føresegn 3.2.1 som omhandlar spreidd bustad på eigedomar med eksisterande bygningar står det mellom anna at arealoverføring eller tilleggsareal opptil 200 m² kan tillatast i tråd med eksisterande bruk. I tillegg står det i føresegn 3.2 andre avsnitt at det ikkje kan byggast på «*dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller på samanhengande skogsområde av høg bonitet, jf. pbl § 11-11 nr. 2.*»

I brev frå kommunen står det at tiltaket krev dispensasjon frå pkt. 3.2.1 i kommuneplanen sine føresegner sidan arealet som er ønska overført er på over 200 m². Fylkesmannen si vurdering er at det i hovudsak er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet. Det må så vurderast om det i tillegg er naudsynt med dispensasjon frå føresegn 3.2.1 og føresegn 3.2. andre avsnitt.

Deler av det omsøkte området er registrert som fulldyrka mark. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering. Stortinget har som mål at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 daa dyrka mark i året i den nasjonale jordvernstrategien.

Vi kan ikkje sjå at det skal vere eit stort problem å få parkert på gnr. 35 bnr. 5 og ser ikkje at dei personlege fordelane ved ei større tomt veg opp for dei negative verknadene av omdisponering av fulldyrka mark.

Fylkesmannen rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon til arealoverføring av fulldyrka mark i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.